

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.02.2016

Vår ref.: 201206788-8

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Anne Johanne Rognstad

Herrefoss kraftverk AS – Søknad om løyve til byggje Herrefoss kraftverk i Bø kommune i Telemark – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Herrefoss kraftverk AS datert 29.01.2016 om løyve til å byggje Herrefoss kraftverk i Bø kommune.

Herrefoss kraftverk vil nytte eit fall på 11,3 m frå inntaket på kote 115 til kraftstasjonen på kote 103,7. I Herrefoss går elva i to løp. Inntaket er planlagd i austre løp, og det er planlagd ein sperredam i vestre løp. Tilløpsrøret blir 35 m langt, og er planlagd som ein nedspregnd kulvert som skal dekkjas til på heile strekningen. Vassvegen skal liggje på austsida av Bøelva. Det må byggast ny permanent veg på 150 m frå eksisterande vegnett for tilkomst til kraftstasjonen og inntaket. Det må også byggast ein 100 m ny permanent veg til sperredammen i det vestre løpet. Middelvassføringa er 23,1 m³/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 32 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,1 MW, med ein estimert årsproduksjon på 16,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 50 m lang elvestrekning i austre løp og 200 m lang elvestrekning i vestre løp i Herrefoss i Bøelva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 1 m³/s om sommaren (perioden 1.5 – 30.9), og 0,1 m³/s om vinteren (perioden 1.10 – 31.4.)

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Herrefoss kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Bø kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Bø kommunehus og eit eksemplar på Bø bibliotek og Gullbring kulturanlegg fram til **01.04.2016**. Det eine eksemplaret på Bø kommunehus kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **01.04.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Anne Johanne Rognstad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kunngjering
Orientering til høyringspartane
Orientering til søker

Mottakerliste:

BØ FISKELAG
Bø kommune (Telemark)
Bø Padlegruppe
Bø Turlag
Bøelva Grunneierlag
Dan Kristensen - Notodden Padleklubb
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark
Fylkesmannen i Telemark
Høgskolen i Telemark
Midt-Telemark Energi AS
Naturvernforbundet i Telemark
NJFF – Telemark
Norges Miljøvernforbund
Norges Padleforbund
Norske Lakseelver
Notodden Turlag
Skagerak Nett AS
Skagerak Nett AS v/Tor Eriksen
Statens vegvesen - Region sør
Telemark fylkeskommune



Telemark jeger- og fiskerforening
Telemark Turistforening
Telemarkvassdragets Fiskeadministrasjon

Kopi til:

Bø kommune (Telemark) v/Svein Bj. Lerum